

SPELEMIDDELFOND ÅLESUND KOMMUNE

**Retningslinjer for kommunal forskottering av statlege spelemidlar
til idrettsanlegg i Ålesund. Vedtatt av Ålesund kommunestyre
18.06.2020.**

1. Ålesund kommune administrerer eit fond; «Kommunal forskottering av statlege spillemidlar til idrettsanlegg i Ålesund», pålydande kr ~~8.810.000~~ 10.138.600
2. Formålet med fondet er å forskottere tilskot frå dei statlege spelemidlane til idrettsanlegg, friluftsanlegg og nærmiljøanlegg opparbeidd av frivillige lag og foreiningar med registrert adresse i Ålesund kommune, i påvente av at desse oppnår spelemidlar til tiltaket. Forskot kan berre utbetalast så lenge det er tilgjengelege midlar i fondet.
3. Forskottering kan innvilgast til tiltak:
 - a. som er godkjende etter den til einkvar tid gjeldande prioritering i det kortsiktige handlingsprogrammet til Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet,
 - b. der søknad er fremja gjennom Kulturdepartementet sin søkerportal www.anleggsregisteret.no og deretter formelt godkjent av fylkeskulturavdelinga,
 - c. der anlegget vert bygd innanfor Ålesund kommune sine grenser.
 - d. som ikkje har motteke betydelege summar i kommunal stønad.
4. Søknad om forskottering skal sendast til Ålesund kommune, som kan utbetale inntil 85 % av godkjend søknadssum.
5. Ved prioritering av søknadar skal ein normalt legge til grunn handlingsprogram. Dersom det oppstår tvil kring prioriteringa av innsende søknadar om forskot, skal saka oversendast Ålesund idrettsråd for uttale før administrativt vedtak vert fatta. I særskilde høve kan saka fremjast for uttale i Komité for kultur og medborgarskap før det vert teke administrativ avgjerd i tråd med pkt. 4.
6. I kvart enkelt høve må det inngåast ein låneavtale mellom anleggseigar og kommunen.
7. Utbetalinga kan delast opp i fleire delutbetalingar basert på framdrifta og dei økonomiske utlegga i prosjektet. Første utbetaling kan ikkje skje før arbeidet er sett i gang.
8. Uavhengig av om det er gjeve tilsegn om spelemidlar frå Kulturdepartementet eller ikkje, skal delrekneskap/rekneskap sendast til Ålesund kommune så snart dei er ferdige. Kommunen fastset innleveringsfristen i kvart enkelt tilfelle, basert på omfanget og framdrifta i anleggsarbeidet.
9. Anleggseigar skal føre rekneskap i tråd med dei retningslinjene som er fastsette av Kulturdepartementet og nedfelt i «Føresegn om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet».
10. Anleggseigar skal sjå til at anlegget vert ferdigstilt utan ugrunna opphald. Ved utbetaling av spelemidlar skal Ålesund kommune trekke frå forskotert beløp før restbeløpet vert overført til anleggseigar.

11. For anlegg som ikkje vert ferdigstilt innan fastsett frist, kan forskotterte midlar bli kravde tilbakebetalt. I høve der tilskot tilsvarende forskottert beløp ikkje vert oppnådd, er anleggseigar ansvarleg for tilbakebetaling av heile eller delar av det forskotterte beløpet.
12. Ordninga vert administrert av kommunedirektøren.